

Haugland Felles

V/ Arne S. Haugland

Bøvågen 8 mai 2019

Radøy Kommune

Teknisk forvaltning

Ref: 19/378-19/4951

#### TILLEGGSOPPLYSNINGAR OPPTREKK HAUGLANDSVÅGEN

Syner til tlf. samtale 7 mai, tilleggsopplysningar, bygging av opptrekk i Hauglandsvågen.

Utfyllinga som er nemnd i søknaden er mellom grunnmur til eldre naust og fjell. Det vil verta lagt store flate steinar med god bæreevne på auren. Graving vert ikkje utført av di ein er redd for at den gamle muren vil siga ut. Ei god fylling her vil og støa muren dersom det seinare vert bygd naust på grunnen.

Ein vil laga opptrekket på høgde med noverande mur og runda av ned i sjøen lika langt ut som neset på vestsida. Dette med tanke på flo sjø og sikkerheita med færrast mulig nivå. Mellom opptrekket og fjellet, på vestsida, vil ein mura opp med naturstein for å laga ein fin avrunding mot neset.

Betongplata er tenkt lagt på pukstein og armert slik at den vert sjølvberande.

Vedlagt er 5 bilete som ein vonar kan væra til hjelp.

Bilde 1 syner slik det er i dag.

Bilde 2 syner slik det er ynskje om å byggja.

Bilde 3 syner nemne utfylling.

Bilde 4 og 5 syner auren og fjell, sett frå N og S.

Mvh



Arne S. Haugland

For/Haugland Felles